

Referat frå styremøte nr. 5-2025

Dato: 17.10.25

Tid: kl. 13.00-14:30

Stad: Teams

Til stades frå styret:

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordførar i Giske kommune)

Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordførar i Fjord kommune)

Styremedlem Vebjørn Krogseter (ordførar i Haram kommune)

Styremedlem Ann-Kathrin Storøy (ordførar i Herøy kommune) - fråtrjedde kl. 14:20

Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordførar i Ålesund kommune)

Styremedlem Monica Molvær (Ålesund kommune) – fråtrjedde kl. 13:30

Varamedlem Einar Arne Ekroll (varaordførar i Sande kommune)

Forfall:

Nestleiar Sølvi Dimmen (ordførar i Volda kommune)

Ekstern:

Grete Waaseth frå KSF (sak 40/25)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Referent:

Sverre Øvrelid Steen

Sak 34/25: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Vedtak: Innkallinga vert godkjend.

Sak 35/25: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 4-25

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Referat frå styremøte nr. 4-25 er vedlagd.

- Innstilling til vedtak: Referatet frå styremøte nr. 4-25 vert godkjend.

Sak 36/25: Evaluering av Arena Sunnmøre 2025

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Arena Sunnmøre er Sunnmøre regionråd sitt årlege stormøte for formannskapa i deltakarkommunane. Her tek vi opp tema som er viktige for utviklinga av heile regionen.

Arena Sunnmøre 2025 vart arrangert fredag 19. september på Quality Hotel Ulstein. Temaet var «Regionalt krafttak for omstilling i kommunane».

Dagleg leiar gjorde greie for at om lag hundre personar deltok på arrangementet, som fekk ein score 3,97 av 5 i evalueringa. Kvar tredje som svarte deltok for første gong på Arena Sunnmøre.

Temabolkane blei rangert i følgande rekkefølge:

- Omstilling i kommunane.
- Omstilling i næringslivet.
- Paneldebatt om den politiske rolla i omstilling.
- Kan interkommunalt samarbeid vere ein del av løysinga?
- Korleis kan aktørar innan forskning og utdanning bidra til omstilling i kommunane?

Forslaga til forbetring som gjekk fram av evalueringa spegla i stor grad det dagleg leiar sjølv meinte burde forbeholdt:

- Meir pausetid, færre innleiarar og hardare tidsstyring.
- Blanding av gruppearbeid og innleiarar.
- Deling av best practice.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 37/25: Høringsutkast ny strategi for Sunnmøre regionråd

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Styreleiar gjorde greie for prosessen så langt og vegen vidare mot endeleg vedtak.

Dagleg leiar nemnde at målet heile vegen har vore å få på plass ein matnyttig og sjølvforklarande strategi, som det er mogleg å styre etter. I det ligg det at både rolla til regionrådet, kva innsatsområde og oppgåver ein arbeider med, og kva resultat kan medlemskommunane forvente, skal vere dekkja i strategien.

Utkastet blei kort presentert på skjerm og referert på overordna nivå munnleg.

Det blei stilt spørsmål ved om totalberedskap burde vore med, og som også kunne ta innover seg aspektet ved den infrastrukturen som ikkje dekkast i innsatsområdet samferdsel.

Innan samferdsel blei det understreka at samferdsel handlar om meir enn veg, og at dette er viktig blir ivareteke i det vidare arbeidet.

Vedtak: Forslaget til strategi sendast på høyring.

Sak 38/25: Felles regionrådsmøte i februar 2026

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Dagleg leiar gjorde greie for det planlagde felles regionrådsmøte frå lunsj til lunsj 26. og 27. februar i Vestnes.

Forslåtte tema:

- Dag 1: Felles problemforståing for kvifor fylket lukkast dårleg innan samferdsel.
- Dag 2: «Bli best på å stele og å dele», der kommunane utfordrast på å dele gode døme på beste praksis eller nyvinningar.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 39/25: Utfordringer med å rekruttere politi til Sunnmøre

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Det var uttrykt bekymring til at det er utfordringar med å rekruttere politi.

Dagleg leiar delte informasjon frå politistasjonssjef, som meinte at rekrutteringa var stabil. Det var derimot peikt på at det var vakansar knytt til permisjon, og at t.d endringar i RNB med ekstraløye til Oslo gjorde at mange kandidatar har søkt seg dit heller enn t.d. Sunnmøre.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 40/25: Motorkommune på Sunnmøre under KSF

Grete Waaseth frå [Kommunenes samarbeidsarena for forskning \(KSF\)](#) orienterte om at KSF kan gi kunnskap som utviklingsdrivar. Målet til KSF å styrke kommunane si rolle i forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling. I etableringsfasa av KSF blir dei kommunale helse-, omsorgs- og velferdstenestene prioritert.

Ho forklarte at satsinga byggast no opp i heile landet, er eigd av kommunane, samstundes som at kva kommunane får ut av det, kjem an på kva kommunane legg inn i det sjølve.

Konkret handla saka om korvidt Sunnmøre skal ha ei motorkommune for klyngesamarbeid, slik Kristiansund har gjort.

Waaseth forklarte at som motorkommune så må kommunen forvalte avtaler for klynga, ha kontaktperson opp mot KSF m.fl., og ressurs ressurs til å leie arbeidet i klynga.

I denne fasen av KSF-oppbygginga er det mogleg å få oppstartsstøtte til å bygge opp klynger, t.d. fekk Kristiansund kommune 500.000 kroner i støtte. Waaseth oppmoda Sunnmøre om å melde seg på, for å auke sjansen for å få tilgang på støtte.

Etableringsfasen skal gå ut 2029.

Styreleiar stilte spørsmål ved om det er døme på regionråd eller mindre sentrale kommunar har tatt ein slik motorrolle.

Waaseth gav uttrykk for at KSF kjem til å ønske at hovudkontaktpersonen er tilsett i ein kommune, men at stillinga kan delast t.d med ressurs i akademia.

Waaseth forlot møtet før styret diskuterte temaet.

Storøy fråtrede møtet.

Lykkebø Strand gav uttrykk for at det er naturleg at Ålesund kommune tar på seg ei slik rolle på Sunnmøre.

Vedtak: Styret ber administrasjonen følgje opp saka om motorkommune og ta opp saka på nytt i neste styremøte.

Sak 41/25: Helse og sjukehus

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Det blei gjort greie for korleis regionrådet arbeider for å endre rammevilkåra for Helse Møre og Romsdal og få etablert eit PCI-tilbod i regionen.

- **Helsefellesskapet**

Det blei orientert om frustrasjon knytt til manglande engasjement og involvering frå HMR på riktig nivå i Helsefellesskapet.

Styreleiar gjorde greie for at temaet vil bli tatt opp i møte med HMR framover.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande og ber styreleiar og administrasjonen følgje opp i tråd med dei signala som blei gitt under møtet.

Sak 42/25: Fast orientering frå dagleg leiar

Ved dagleg leiar Sverre Øvreliid Steen

- Om organisering, finansiering og interessentinvolvering i ulike regionråd.
 - Initiativ til samarbeid Møre og Romsdal fylkeskommune
- Om konkrete samarbeidsmoglegheiter på tvers av fylkesgrenser i kjølvatnet av regionrådssamling.
- Om E39-møte, der det m.a. blei tematisert om ein kan stå samla på Vestlandet eller deler av Vestlandet ved innspel til NTP
- Nytt fengsel på Sunnmøre – manglande framdrift
 - Styreleiar foreslo at departementet blir kontakta om manglande oppdrag og bruk av midla.

- Lykkebø Strand foreslo at Justiskomiteén kan brukast for å stille spørsmål ved framdrift.
- Dagleg leiar kjem med konkrete forslag til vidare handsaming av saka.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

UTKAST